

Julekveld

I KYRKJELYDEN

4-5

Joleminne av Kari Bye

8-9

Bryllaup i Evanger kyrkje

12-14

Nynorsk salmebok 100 år

DE HISTORISKE

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP
T: 56 52 05 00

Auto, Fredrik,
Steen og Marie
Fleischer

**DET ER NOE
MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og
dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin
forbauselse ankom de så et hotell med en
forunderlig velkjent atmosfære av fornemme,
kontinentale vaner, av dannede gjestfrihet.

MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER

**FLEISCHER'S
HOTEL**
ANNO
1864

f t i c

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.
E-post: jv763@kyrkja.no

Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidebilette: Åshild Bøe Kharazmi

Voss kyrkjelege fellesråd:

Fellesrådsleiar: Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

Konstituert kyrkjevevje

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Trusoppplæringsmedarbeidar

Åshild Bøe Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084.

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger Nora Mykkeltvedt

Tlf 952 79 970.

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

Soknerådsleiarar :

Evanger og Bolstad: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss: Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim: Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

**Neste nummer kjem
i midten av mars.
Frist for innlevering av stoff er
måndag 23. februar.**

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Arnulf Sandvik

Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/	Måndag-fredag 10-14
telefontider:	Onsdag 12-14
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293 www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopp-
læringstiltak, påmelding til dåp og mykje
anna finn du på **www.voss.kyrkja.no**

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjjetunet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Kjersti Vestrheim
Helland.



INNHALD:

Side 4-5.....	Joleminner av Kari Bye
Side 6.....	Barnefødsel i Tanzania
Side 7.....	Joleandakt av biskopen
Side 8-9.....	Bryllaup i Evanger kyrkje
Side 11.....	Den nye kyrkjevevja
Side 12-14.....	Nynorsk salmebok 100 år
Side 14.....	Misjonsprosjektet
Side 15.....	«Grøne» jolegåver
Side 16.....	Aktivitetsside for borna
Side 17.....	Glimt frå T-dagar
Side 18.....	Kyrkjegardsmuren på Evanger
Side 20-23.....	Konfirmantar 2025
Side 25.....	Granvin kyrkje
Side 26-27.....	Oppslagstavla
Side 30.....	Kyrkjelege handlingar
Side 31.....	Gudstenestelista
Side 32.....	Salme frå Nynorsk salmebok

Ord til ettertanke



Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik.



Jolekonkurranse

Kor mange lilla og gullfarga jolekuler finn du i bladet? Du kan telja med desse to også. Når du har kome fram til eit svar, kan du sjekka at det stemmer med fasiten på side 24.

Jolehelsing

Redaksjonsnemnda vil takka annonsørane våre og alle som har kome med idear og levert stoff til Kyrkjennytt dette året.

Takk også til dykk som støttar bladarbeidet med økonomiske gåver!

Me vil få ynskja lesarane våre ei god adventstid, ei signa jolehøgtid og eit godt år i vente!

Joleminne frå Noreg og Amerika



Kari Bye deler joleminna sine, både frå Noreg og Amerika.

Tekst: Kari Bye

Den norske jola eg minnest frå barn-
dom og oppvekst, var ei oppleving av
ljøs i mørketida. Himmelljoset fekk kor-
te dagar, men då merka me det meir.
Og det førde til at me tenkte meir på å
kveikja våre eigne ljøs. Det virka og så
naturleg nett i denne årstida med jole-
stjerna som lyser over eit lite barn som
vert fødd, og englar som kjem med
glede og lovsong. Eg levde meg heilt
inn i stemninga med det, som sette
sitt preg på heile jola for meg. Det
viktige var oppleving av glede og
høgtid og levande ljøs.

Førebuinga til jolefeiring var førjols-
tida me kalla advent. Den hugsar eg
best som praktisk arbeid med bakst
og jolegåver som vart laga. Så kom jol-
aftan og det vart så stilt. Far kom
tidleg heim, for butikkane stengde kl.
12. Det senka seg ein fred over bygda.
Mor hadde funne fram joletrepynnten.
Far tok joletreet inn og feste stjerna på
toppen. Han festa og dei små stakane
på greiner som skulle halda stearin-
ljosa på treet. Bror min og eg pynta
med gamle glasfuglar og englar, og dei
hjarforma bretta korgene me hadde
klypt og vevd saman av papir.

Gåvene vart lagde under treet. Me
ynskte oss alltid noko spel, det hadde
me mykje glede av dei lange vinter-
kveldane, særskilt vart Monopol eit
spennande spel. Då me kjende den
spesielle lukta av jolemat frå kjøkkenet,
og mor hadde dekkja bordet, kledde
me oss og i «finklede» førkyrkjeklokkene
ringde jola inn. Dei høyrde me i radioen
frå mange stader i landet.

Jolemiddagen vår var pinnakjøtt frå
bestefar på Stronde, med poteter og
kålrahi me hadde frå hagen vår. Molte-
krem var den faste desserten jolaftan



Kari heime ved pianoet.

Foto: Jorunn Våle Tonckens

hjá oss. Far visste kvar dei gode molte-
myrene var. Den tradisjonelle jole-
baksten sette me fram etter me hadde
opna gåvene, og eple, som og hadde
kome frå hagen vår. Det var stort då
appelsinar tok til å verta vanleg å få
kjøpt til jol.

Utvandrar til Amerika

Så vart eg utvandrar til Amerika, reiste
for å gifta meg, og korleis vart det jol for
meg då? Det fyrste året kom det faktisk
pinnakjøtt i posten. Også moltesylte-
tøy. Og familie kring bordet var norske
studentar. Eg var altså studentkone,
den einaste kvinna i den vesle flokken,
men alle hjalp til og det vart eit kjær-
t fellesskap langt heimanfrå for kvar av
oss. Eit lite joletre var pynta med englar,
norske flagg og dei hjarforma jole-
korgene i papir.

Då me hadde fått to døtrer, Inger og
Randi, og vorte meir kjende med det
amerikanske samfunnet, vart våre
eigne joletradisjonar påverka på ulike
vis. Den store skilnaden eg har mest

minne om, var at ingen snakka om
advent, og at jola tok til helga etter
fjerde torsdagen i november. Det
var Thanksgiving Day, til minne om
«pilegrimane» som innvandra frå
England i 1620, og skipa ein liten koloni
på Atlanterhavskysten. Det har vore
rekna som opphavet til det amerikanske
samfunnet: «Pilegrimsfedrane».

Dei vart godt mottekne av urfolka som
høyrde til på dette kontinentet, og fekk
hjelp til å overleva i eit framandt land-
skap. Dei fekk læra om planteliv og dyr,
og i 1621 hadde dei ein hausttakkefest
der dei religiøse «Pilegrimsfedrane»
delte avlingar med dei innfødde, og det
vart rekna som den fyrste Thanksgiving
Day. Etter USA frigjorde seg frå England
i 1776, og skipa sitt eige land med 13
koloniar, vart det ein årleg høgtidsdag.
Etter Borgarkrigen i 1863 vart den ein
nasjonal helgedag for alle.

Eg opplevde at Thanksgiving Day var
for mange den viktigaste helgedagen
i USA, bortsett frå urfolka, som etter-
kvart miste landet sitt. Dei vart og kalla
indianarar, eit namn frå historia om
Columbus, som dei ikkje hadde noko
forhold til. Eg opplevde og at svært få
menneske brydde seg om opphavet
til hausttakemåltidet med kalkun,
mais, bønner, graskar og tranebær. Eit
middagsbord dekkja for å samlast i fred
og trivnad. Det var faktisk det einaste
som markerte Thanksgiving Day. Ingen
eigde dagen. Ingen plikter eller opp-
gåver ein måtte læra eller gjera. Men
å søkja fellesskap for å dela grøda og
kjenna takksemd for livet, er altså eit
grunnlag meint for dette landet.

Den fyrste tida eg budde i USA, var det-
te og ei stille langhelg. Men så kom ei ny
tid med oppmoding om å bruka dagen



etter Thanksgiving til å handla. Og så vart det starten på jolefeiring, ein ekstra fridag der ein kunne handla jolegåver.

Denne dagen vart etter kvart kalla Black Friday, kjøpesentera sin store handelsdag. Jola vart ein slags gåvefest, med handel og butikkvandring. Slik utvikla historia seg i USA. Men det var og ein sterk stemning av fellesskap, gode møte og varme relasjonar mellom menneske i denne førjolstida, med ljøs og farge og mykje for sansane å oppleve, viss ein ikkje vart fanga av handelspresset.

Då me flytte til Colorado, kjøpte me eit gammalt hus oppe i åsen i ein universitetsby. Me hadde eit stort tun med hønsehus, grisehus, og stall med innhegning til ein hest. Inger var glad i dyr, og fekk seg ridehest. Hønsehuset vart seinare min fyrste verkstad for design og smykkeproduksjon, etter utdanninga mi i kunstfag. Husa hadde stått tomme ei tid, og kjøkkenet hadde berre vedomn. Då jola kom, kjende me det som om me fekk skapa eit nytt liv, med det gamle og det nye i god blanding. Mest av alt kjende me gleda over å vera attende til eit liv nær fjell og natur. Og minne om jol vart baking og jolemiddag med ein god gammal vedomn.

Eitt år køyrde me sørover ein tur i desember, til Santa Fe i staten New Mexico. Denne delen av USA er sterkt prega av innvandring frå Spania gjennom Mexico alt på 1500-talet, før «Pilegrimsfedrane» kom frå England i 1620. Og her utvikla det seg ein felles historie med spansk kultur og urfolk. Med katolske helgenfigurar var det lettare å kjenna seg heime med kristendom, enn med ord og forklaring frå eit framand språk. Byen Santa Fe er eit skapande senter for arkitektur og kunst som syner dette. Tida mellom Thanksgiving og jol i denne byen var utruleg vakker med ljøs og dekorasjonar verkeleg knytt til det me tenkjer på som joletradisjonar, før Rudolf med reinsdyra og den urbane jolenissen tok over.

Annleis jol

Så kom året då jola vart heilt annleis for meg. Eg budde aleine på ein

gammel gard i ein fjellandsby i Colorado. Eg valde å nytta denne jola heilt i det stille, og det var godt. Eg hadde ingenting som ein tenkjer ein skal ha når det er jol, og berre mitt eige selskap og naturen omkring meg. Vakkert snølandskap, og ein klår himmel med stjerner over meg. Joledagsmorgon vakna eg og såg ut. Eg smilte då hjorten gjekk stille forbi framom huset mitt.

Ei anna jol var eg i Arizona. Eg hadde sagt ja til å køyra ei eldre dame ned til sonen, som budde der med familien sin. Ho hadde leigt ei leilegheit der for vinteren, ville ha bil med seg, men greidde ikkje å køyra så langt sjølv. Det vart ei kunstig oppleving for meg, med utruleg mykje fargerik dekorasjon alle stader, mellom palmar og kaktus i ein sterk solvarme. Jolaftan vart eit hageselskap med folk i shorts og sandalar. Joledag kom me bort til familien etter dei hadde ete ein god jolefrokost tidleg på morgonen og opna alle jolegåvene, som er det tradisjonelle for dei fleste amerikanarar. Så gjekk me i lag til deira kyrkje.

Det eg hugsar best frå denne jola i «Syden» er andre joledag. Då kunne eg ta bilen og køyra ein tur for å sjå meir av byen før eg skulle ta fly heim neste dag. Eg fann ein merka sti som gjekk opp over fjellsida i dette ørkenlandskapet. Etter ei stund kom eg opp og fekk utsikt over heile byen. Då måtte eg le for meg sjølv, at dette var ei joleoppleving. Stien førde meg lenger inn i fjellet, og så sette eg meg under eit tre med vidfemnande greiner mellom meg og sola. Eg tok fram nista mi, og berre gledde meg over å få vera til stades og verta kjend med dette landskapet. Brått kjende eg det som om eg var komen fysisk



Jolekort frå Amerika.

rett inn i Bibelhistoria. Her var eg i eit bibelsk landskap.

Attende i Amerika

Eg var attende til jol i Amerika for to år sidan. Hjå Randi i Kansas til Thanksgiving og førjolstid med mykje ljøs og liv og gode fellesskap. Og møte med to «bonus-oldebarn». I Colorado i jolehelga med begge døtrene, og far deira i hans siste leveår. Også eit barnebarn var der, og andre som no høyrer til i «storfamilien». Det vart ei minnerik jol for oss alle, med rørende tankar om den fyrste jola i dette landet for John og studentkona hans.

Å innretta seg etter det som er, og det som skjer, har eg mykje minne om. Og det er min «Spirit of Christmas». Som menneske er me meint til å vera medskapar, men «Lat Din vilje skje», sa han som vart fødd jolenatta.



Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset då ho fødte vesle Angelina.

Eit barn er født

Fødselen til Paskalina kunne ha gått veldig gale. Ho overlevde takka vere behandlinga ho fekk på Haydom-sjukehuset i Tanzania.

Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland

– No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35). Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødte ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina. Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på – Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania. Alt gjekk fint – heilt til rett etter fødselen.

– Ein ropar: «Haste!»

Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner dør i samband med fødsel, særleg i fattige land. Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærar i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år.

– Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute, hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

Reddar liv

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for. Det har gitt resultat som har

vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødt-død med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført.

Det såkalla *Safer Births Bundle of Care*-programmet er eit samarbeid mellom Haydom-sjukehuset, norske forskarar, Norad, norske Lærdal Global Health og tanzanianske styresmakter.

Kirkens Nødhjelp har sidan 2015 hatt hovudansvaret for å følgje opp den norske pengestøtta til sjukehuset.

Millionar døyr

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner globalt i samband med svangerskap og fødsel. 2,3 millionar nyfødde døyr i løpet av den første levemånaden, ifølgje UNICEF.

Programmet *Safer Births Bundle of Care* (SBBC) har i fleire område i Tanzania klart å sikre betre behandling for dei viktigaste årsakene til dødsfall blant nyfødde og fødande. Suksessen handlar om ein kombinasjon av fleire element i behandlinga, slik at det blir ei pakke med tiltak. Nokon har mellom anna utvikla gode tekniske apparat, og helsearbeidarane øver svært ofte på realistiske scenario som kan oppstå.

Heldig

Det er framleis under eit døgn sidan Paskalina fødte. Alt er roleg no, og sjølv

om ho er sliten, er forma god.

– Ho er veldig heldig som fødte her, seier jordmor Sabina Mmao.

Allereie same ettermiddag blir ho utskriven frå sjukehuset. Svigermor skal bli med henne heim. Med eit breitt smil rundt munnen og med dottera i armkroken kryp Paskalina inn i baksetet på ein trehjuls motorsykkel, på same måte som ho kom hit før fødselen.

Både i Tanzania og i Noreg nærmar vi oss julefeiringa – ei tid der vi minnest natta då Jesusbarnet vart fødd. Akkurat som nyfødde Angelina, kom også Jesus til verda under utrygge forhold, der både mor og barn var sårbare.

I ei høgtid der mange samlast rundt god mat og gaver, minner juleevangeliet oss om jula si eigentlege kjerne: Gud kom til oss for å vise korleis vi kan vere hans hender og føter i verda. Han kom for at vi skulle få sjå nestekjærlig – ikkje berre i ord, men i handling.

Kirkens Nødhjelp sitt kall er å kjempe mot naud og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, styrkjer lokalsamfunn og kjempar for rettferd – kvar dag.

SLIK GIR DU ÅRETS
VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på SMS til 2426 og gi 300 kroner
- Gåvekonto: 1594.22.87248

Julekort

Andakt biskop Ragnhild Jepsen

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: «Kjære Jesus». Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggjande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for motakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtøydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.


Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus!

For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige



Julekort ugjeve av Norges Kr. Student- og Skoleungdomslag.

liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håpløst, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen.

Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem.
Amen.*



Rebekka sin forlovar song under vigselen.



Det nygifte paret på veg ut av kyrkja.

Bryllaup

i Evanger kyrkje



På ei togreise kan ein sjå så mykje spennande!

Tekst: Ellen Århus og Nora Mykkeltveit
Foto: @weddings.ottar

På ei togreise kan ein sjå så mykje spennande, og noko ein kan sjå mange av landet rundt, er kyrkjetårn. Dei står der i kvar minste grend og strekker seg mot himmelen, som om dei vil minna oss om kvar dag å løfte vår lovsong opp til Gud. Så også på Evanger, der ligg kyrkja rett ved stamvegen og togbana bortom vegen og elva Vosso. Lett å sjå for dei pendlande på toget, om dei kikkar ut glaset i staden for på skjermen sin...

På toget er det kvar dag ei som pendlar mellom Bergen og Voss, og som visst har augo, og tankane, andre stader. Den står der så stille og beskjeden til kvardags, Evanger kyrkje, men ho på toget har tankane kvervlande kring noko som absolutt ikkje er ei kvardagshending, ho veit kva ho ser. Der, på hi sida Vosso og vegen, ser ho kyrkja ho ynskjer å gifta seg i.

Det er Rebekka Sandvik som

pendlar frå Bergen til arbeidet på Voss, ho er vossing og har vakse opp med Vangskyrkja, men den synes ho er altfor stor for ein koseleg og intim seremoni. Han ho skal gifte seg med er Eivind Fluge, frå Åsane. Dei to var studentar samtidig, ho på klinisk ernæring og han på medisin, og begge var medlem av ein kristen medisinsk studentforeining; KRIMS. Det var i KRIMS dei møttest. No har ho funnet kyrkja ho meiner passar best til dei, med familien til brudgommen frå Åsane, som uansett må køyra til Voss der festen etterpå skal vera, og for brura sin familie som er på Voss er det ikkje langt til Evanger. Eivind er i tvil om kyrkja er stor nok, med godt over hundre gjester treng dei litt plass.

Dei tek kontakt med kyrkjekontoret på Voss, og blir vist kyrkja. Og ja, ho rommar godt og vel hundre bryllaupsgjestar, og når dei får sjå ho

innvendig er valet enkelt. Ei koseleg og sjarmerande lita kyrkje, akkurat det dei ynskjer som ramme rundt sin store dag. Kyrkja er slitt, og malinga flassar både innvendig og utvendig, der ho står og ventar på å bli pynta til 175-års jubileet neste år. Men ho vil til tross for malingsflak som fell frå himlingen vera ei høgtideleg ramme rundt seremonien.

Bryllaup

Laurdag 9. august 2025 kimar klokken i Evanger kyrkje for Rebekka og Eivind. I dag er ho ikkje stille og beskjeden, kyrkja, i dag kimar ho i fryd og sender sine klingande tonar utover bygd og veg, bilar som susar forbi og tog som har opphald på stasjonen - alle skal få høyra lovsongen frå klokketårnet. Og når klokkeklagen stilnar fortset festlyden med salmen som brudeparet er så glade i. Det unge



Kysset.

paret er personleg kristne, og det avspeglar seg i kvar salme og bibeltekst dei har valt ut.

*«Jeg vil gi deg, O Herre min lovsang
Jeg vil takke deg med mine ord
for Din nåde som er uten grenser,
og for godhet og kjærlighet stor.
-Herre, gjør du mitt liv til en lovsang til Deg
La hver tone en hyllest til Deg være
Og i dager med glede og dager med sorg
vil jeg leve hver dag til din ære.»*

Dagen blei ekstra spesiell og personleg då det berre var venner, familie og kjenningar som bidrog i vigselen. Rebekka sin onkel Arnulf las tekst. Bror til Eivind, Rolf Jakob, las frå Kolossarane 3,12-14. Kusine og forlovar til Rebekka,

Liv-Margrethe, song, og Eivind sin onkel Eirik song «Nu ertid at leva».

Presten som vigde dei er ein kjenning frå Rebekka si tid i KRIK på Voss, Vetle Leksbø, og han held seg til teksten frå Kolossarane 3, 12-14 i talen til brudeparet. Dette bibelordet betyr mykje for paret, og er noko dei vil byggja ekteskapet sitt på.

«De er Guds utvalde, heilage og elska av han. Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og



Fotografering på kyrkjetrappa.

Foto: Privat

over alt dette: *Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkommen».*

Jubel

Når no brud og brudgom har gitt kvarandre sitt Ja, er dei på veg ut av kyrkja, som blei fylt av brudefylgjet, pynta til fest både ute og inne, med nymåla inngangsparti for anledninga. Regnvêret som har prega dagen, tar ein pause idet dei nygifte kjem ut, og fylgjet kan juble for Rebekka Sandvik Fluge og Eivind Fluge idet dei forseglar ekteskapet og kjærleiken på trappa til Evanger kyrkje, i solglytt frå ovan - som eit bønnesvar til alle gjestene som bad om fint vêr.

Brudeparet har uttrykt takknemlegheit for innsatsen til Nora Mykkeltveit og Eivind Yndestad, baa med jobb/vikarjobb i Evanger kyrkje/kyrkjegard, som stod på og fekk kyrkja gjort i stand til brullaup.

Evanger og Bolstad sokneråd er takknemlege og glade for at de valde kyrkja vår. Me ber om Guds velsigning for ekteskapet og framtida.

*«Allting jeg gav ham, allting jeg vant,
evighetsdagen herlig opprant,
himlen er åpen, engler fra Gud
bringer til jorden kjærlighets bud.
Han er min glede, han er min sang,
ham vil jeg prise livsdagen lang.
Ham skal jeg evig love hos Gud,
han er min brudgom, jeg er hans brud».*



Ein flott gjeng frå den eldste grupp (over t.v.). I 2. etasje er det og biljard, playstation, air-hockey, god sofakrok m.m. å kosa seg med.

Fredagsklubben på Vossestrand

I Kyrkjestova er det liv og røre når born og ungdom samlast til sosialt fellesskap, leik, andakt og mat ein gong i månaden.

Tekst og foto: Anja Slåtten

Fredag 17. oktober var me igjen samla til ein kjekk kveld i Kyrkjestova på Oppheim. Her kjem 4.-6. klasse kl. 18.00-20.00 og så kjem dei eldste kl. 20.00 og er til 22.00. Denne gongen var me 34 born og ungdom samla, dei fleste på den yngste gruppa.

Denne kvelden vart det kjøpt inn heklenåler og garn, og dei som hadde ynskje om det, fekk prøve seg på enkel hekling. Alle som ville fekk eit lite prosjekt å hekla på.

Borna fer gjerne frå eine aktiviteten til den andre. Aktivitetar alle synes er ekstra kjekt er når me skal spinne lykkehjul, ha bingo eller åresal.

Bingo

Dei eldste har innført bingo kvar fredag etter andakt og mat, og organiserer denne aktiviteten sjølv. Og om ein person vinn fleire premiar, deler den med nokon som ikkje har vunne noko den kvelden.

Fredagsklubben er mobilfri og inngang og mat er gratis. Me er

T-dag i Raundalskyrkja

Tekst og foto: Linda Utne Tvinde

19. oktober var 3-, 4- og 5-åringane i Raundalen inviter til T-dag, og seks born deltok. Tema var Jona og kvalen, og ein fekk både høyra forteljinga, syngja saman og laga figurane. To born fekk utdelt 4-årsbok, og årets konfirmantar var gode medhjelparar.

Etterpå var det hausttakkefest og kyrkjeaffi i kyrkjestova.





Her den yngste gruppa samla for andakt og mat. Dei frivilljuge denne kvelden står bakerst.

veldig takksame for damene på kjøkenet som handlar inn og diskar opp mat desse kveldane.

Takk òg til alle foreldre, beste-foreldre og andre frivillige som gjer det mogleg å oppretthalda tilbodet.



Berit Hauge Våle fortel om Jona og kvalen (t.v.) og det var laga både kvalar og Jona-er denne dagen (over).

Dette var ein jobb eg hadde lyst på!

Samtale med vår nye kyrkjevevjerje Tor Ivar Johnsson

Tekst og foto: Arne Mosefinn

Kven er du som har våga å gå inn i ein så spesiell jobb?

Eg er økonom, er 59 år, oppvaksen på Bulken, men bur no på Reime. Eg er familiemann, gift, har to vaksne born og fire barneborn. Eg tok til i Voss Sparebank då eg var 18 år, og har også hatt arbeid i Sparebanken Hardanger på Utne – til saman 10 år i bank. Så arbeidde eg nokre år i Bjørkegruppen før eg tok til som dagleg leiar i ØkonomiPartner Voss/Visma. Der var eg i seks år før eg starta eige rekneskapsbyrå som eg dreiv i nær 20 år. Dette vart seld til rekneskapsfirmaet Accountor i fjor. Så har eg vore med i styret i Voss Sparebank i om lag 10 år. Her fekk eg vera med på mykje interessant, mellom anna å dela ut gåvemedlar – også til Vangskyrkja.

Kva fekk deg til å søkja denne jobben?

I utgangspunktet såg eg meg ikkje om etter nytt arbeid. Eg har trivest særst godt med gode kollegaer i Accountor, men så såg eg denne annonsen om kyrkjevevjerje, og den slepte ikkje taket. Dette var ein jobb eg hadde lyst på, sjølv om det var noko heilt nytt for meg. Så eg skreiv jobbsøknaden – og vart tilsett. Det er eg glad og takksam for no.

Du startar 1. januar 2026. Korleis førebur du deg til jobben?

Eg har vore saman med Svein (Tøsse) og sett på kyrkjene og hatt god kontakt med Kjersti (Helland) no i tida fram mot oppstart. Så har eg brukt litt feriedagar no i haust og delteke på nokre kurs som vil vera med å førebu meg. KA har også kurs for nye kyrkjevevjerjer som eg skal delta på over nyttår. I det heile har eg ein viss



Tor Ivar Johnson.

plan for korleis eg skal koma i gang.

Kva eigenskapar har du som kan gjera deg til ein god leiar?

Eg trur eg er ein samlande person som og er tydeleg i kva eg vil. Det viktigaste er å få folk til å jobba i lag. Eg vil alltid ha ei open dør for samtale og drøfting av arbeidsoppgåver. Dessutan kan eg gjera fleire oppgåver – og ikkje berre vera sjef.

Kyrkja sin økonomi er ikkje den beste for tida. Du er ikkje redd for det?

Eg er i alle fall ikkje skremt av den dårlege økonomien, men ser at det vil bli utfordrande. Me lyt gjera det beste ut av situasjonen saman med herad, innbyggjarar og samarbeids-partnarar.

100 år med nynorsk salmebok

Tekst: Per Halse, Høgskulen i Volda

I 2025 er det 100 år sidan sokneprest Anders Hovden og biskopane Bernt Støylen og Peter Hognestad fullførte arbeidet som blei «Nynorsk salmebok». Boka var eit resultat av at mål-rørsla var skuffa over delen nynorske salmar i «Landstads reviderte salmebok» frå 1920. Nynorsk salmebok vart mykje brukt i nynorsk-områda gjennom seksti år. Boka hadde 711 salmar på nynorsk og eit tillegg med 200 salmar på bokmål.

Reformasjonen på 1500-talet førte med seg dansk som språk i gudstenester, i skulen og som bibelspråk i Danmark og Noreg. Gjennom det meste av 1800-talet var det framleis danske salmebøker som vart nytta her i landet. Men etter kvart arbeidde fleire for fornorsking også av det religiøse språket, og frå rundt 1900 vart det skrive mange salmar på landsmål (skriftnorma som frå 1920-åra heiter nynorsk).

Den fremste pioneren for salmedik-ting på norsk landsmål var Elias Blix. I 1892 vart ei samling med 150 av salmane hans (87 originale og 63 om-sette) offentleg godkjende for guds-tenestebruk som tillegg til tidlegare godkjende salmebøker. Særleg i åra etter 1905 vart Blix-salmane tekne i bruk mange stader.

Då det rundt 1920 ikkje vart semje om ei sams salmebok med tekster på både bokmål og nynorsk, tok Det Norske Samlaget initiativ til ei eiga nynorsk-salmebok. Nemnda med Hognestad, Hovden og Støylen gjorde arbeidet mellom andre oppgåver frå 1921 til 1925.

Mange forfattarar frå fleire land og frå ulike tider vart representerte, men utgjevarane Anders Hovden og Bernt Støylen stod i lag med Elias Blix for nesten seks hundre av dei vel sju hundre salmane. Av Hovden er det 128 eigne og 81 omsette, av Støylen 62 eigne og 139 omsette, og av Blix 110 originale og 75 omsette.

Nynorsk salmebok fekk godkjenning som gudstenestebok i desember 1925, og i 1927 kom andreutgåva med nokre mindre rettingar og eit tillegg på 200 salmar frå Landstads gamle (1869) og reviderte (1920/1926) salmebok.

Allereie etter eit par år var den nynor-ske salmeboka innført i cirka 15 prosent av kyrkjesokna. Det auka til ein fjerde-

del rundt 1940 og vidare til ein knapp tredel i etterkrigstida. Sidan 1985 er både Nynorsk salmebok og Landstads reviderte avløyste av Norsk salme-bok (1985 og 2013).

Bakgrunnen

Etter offentleg godkjenning i 1892 kun-ne ein og annan salme på landsmål av Elias Blix syngast lovleg i norske guds-tenester. Men mellom prestane var mange skeptiske, og i fyrste omgang vart desse salmane meir brukte i heimar, ungdomslag og i skular enn i kyrkjene.

Fedrelandssalmen «Gud signe vårt dyre fedreland» vart særleg populær i samband med unionsoppløysinga, og i åra etter 1905 vart Blix-salmane inn-førte som supplement i fleire og fleire sokn. Den vanlege salmeboka (Land-stads Kirkesalmebog) hadde etter kvart med «Blix-tillegget» bak i boka.

Frå 1892 var 150 salmar av Blix offen-tleg godkjende. Salmar har ofte innhald som passar til dei ulike søndagane og helgedagane i kyrkjeåret. Med dei 150 Blix-salmane var nesten heile kyrkje-året dekt. Dermed var dei eit viktig steg på vegen til ei full salmebok på lands-mål. Fleire nye salmar som Blix skreiv ut gjennom 1890-åra kom i samlinga Salmar og songar i 1900.

På den tida kom det også mange nye salmar og andelege songar på ny-norsk frå diktarar som Matias Skard, Matias Orheim, Johannes Barstad og Anders Hovden. Interesserte målfolk oppmoda Bernt Støylen om å setje saman ei salmebok på landsmål, men i fyrste omgang måtte dei nøye seg med hans Songbok for sundagsskule og oppbyggjingsmøte (1906) med 261 salmar og songar i fyrste utgåva.

Då stiftsprost Gustav Jensen tok på seg å revidere Landstads salmebok, hørde det med til oppdraget å byte

ut ein god del lite brukte salmar med nyare stoff – inkludert salmar av andre nynorskforfattarar enn Blix. Etter at Jensens utkast var vurdert og justert av ein komité, vart det godkjent i statsråd hausten 1920. Av i alt 900 salmar var der cirka 200 på nynorsk.

Målrørsla hadde styrkt seg, og mange vart skuffa over at revisjonen av Land-stad ikkje fekk med meir på nynorsk. Dermed tok Det Norske Samlaget initiativ til ei eiga salmebok.

Arbeidet

Vinteren 1921 vart det gjort avtale med sokneprest Anders Hovden og biskopane Bernt Støylen og Peter Hognestad om å lage utkast til ei nynorsk salmebok. Dei tre gjorde mykje kvar for seg, men sende så utkast, spørsmål og merknader til kvarandre. Nokre gonger kom dei saman over fleire dagar, og dei arbeidsmøta var som regel i bispegarden i Kristiansand.

Biskop Støylen var leiar, og dottera Else gjorde mykje sekretærarbeid. Nemnda gjekk gjennom eit stort materiale – både frå prenta samlingar, frå avisutklipp og handskrivne ark eller hefte som vart sende inn for vurdering.

For å få ei fullverdig salmebok måt-te dei finne tekster som heldt mål til alle søndagar og helgedagar i kyrkje-året så vel som til dei ulike kyrkjelege handlingane. Der det mangla ein salme på nynorsk fann dei ein å omsetje, eller dei skreiv ein ny. Då Hovden vart beden om å setje om ein salme av Gustav Jensen til vigslе av kyrkjegardar, svara han: «Nei, det er lettare aa skriva ein ny, og vonleg betre». Dei andre fann at Hovdens tekst vart svært bra, og den nye salmen kom i Nynorsk salme-bok som nr. 582.

Gjennom dei fire åra nemnda arbeidde gjekk dei kritisk gjennom ei stor mengde



Møte i salmeboknemnda i 1925. Bernt Støylen, Anders Hovden og Peter Hognestad.

av både eldre og nyare salmar. Mange vart vraka, og andre vart endra og flikka på i fleire omgangar. Tidleg i 1925 var manuskriptet klart med vel sju hundre salmar på nynorsk.

Innhaldet

Dei to jamgamle sunnmørske «diktarprestane» Anders Hovden og Bernt Støylen hadde forma godt over halvparten av salmane i den nye boka (Hovden flest eigne og Støylen flest omsette). Peter Hognestad meinte at dei to utfylte kvarandre: «Hovden den fossande elvi og Støylen den stille strau- men». Sjølv var han ikkje diktar, men han var ein lærd teolog med fin språk- kjensle, og han var flink med redigering og korrekturlesing. I Nynorsk salme- bok har Hognestad åtte omsetjingar, og nokre av dei vert framleis mykje brukte (til dømes «Leid, milde ljøs» og «Fager kveldsol smiler»).

Ved sida av dei mange tekstene av

Blix, Hovden og Støylen fekk cirka 25 nynorske diktarar plass i boka med ein eller nokre få nye salmar kvar. I sam- svar med lang kyrkjeleg tradisjon er dei fleste omsette salmane frå dansk (160) og tysk (93). Men Nynorsk salmebok representerte også ei fornying gjennom omsetjingar frå svensk (26), islandsk (16) og engelsk (14). I tillegg hadde Støylen dikta om tre latinske kyrkjekvad frå norsk mellomalder som kom med i boka.

Samanlikna med eldre salmebø- ker fekk den nynorske med meir om misjon, born og unge, sjøfolk og kvar- dagsliv: «[...] det skal vera ljøs og kraft i kvardagslivet i vaart arbeid og strev, heime i stova og ute paa garden, i skog og mark, paa land og paa sjø» (Støylen 1926).

Mottakinga

Nynorsk salmebok vart møtt med både ris og ros. Mange som hadde sett fram

til ei samlande salmebok kjende seg overrumpla og svikne. Men målfolket gledde seg. Forleggaren Lunde i Ber- gen var effektiv, og dei fyrste eksem- plara var til sals frå sommaren 1925. Attåt meldingar i aviser og tidsskrift vart det sendt inn støttefråsegner og opp- modingar om at boka måtte få god- kjenning til kyrkjebruk.

Utgjevarane var snare med å søkje om offentleg godkjenning, for det nærma seg eit stortingsval som kunne føre til ei ny regjering med mindre sans for nynorske tiltak. Kyrkjestats- råden Ivar Tveiten oppnemnde ei vurderingsnemnd med professor Oluf Kolsrud, sokneprest Leonhard Næss og lærarskulestyrar Håkon Wergeland.

Dei fekk god hjelp av fleire register og statistiske oversyn utarbeidde av Støylen, og etter tre vekers arbeid leverte dei ei rosande innstilling som konkluderte med at Nynorsk salme- bok var eit fullverdig alternativ som kyrkjesalmebok. Med støtte i den sakkunnige vurderinga vart boka autorisert i statsråd 18. desember 1925. Deretter var det opp til dei lokale kyrkjelydane om dei ville ta henne i bruk – anten åleine eller som tillegg til ei anna godkjend salmebok.

Hausten 1926 vart det vedteke at *Ny- norsk salmebok* skulle få eit tillegg med 200 salmar på bokmål, og det kom med i boka frå 1927. I tiåra framover vart boka innført i fleire og fleire kyrkjely- dar, og ho vart også ei kjær bruksbok i mange skular og heimar.

Trykt med tillating frå Per Halse og Store norske leksikon.

Nynorsk salmebok vert teken i bruk i Voss

Tekst: Arne Mosefinn

Raundalen kyrkjelyd var dei første som røysta over om Nynorsk salme- bokskulletakast i bruk i kyrkjelyden. Etter opplysningar i avisa Horda- land sitt e-arkiv var det røysting i Raundalskyrkja 18. september 1927. Røystetalet vart 63 røyster for Nynorsk salmebok, 6 røyster for Landstads gamle salmebok og 8 røyster for Landstads reviderte.

Men for å vera gyldig, måtte røys-

tene teljast saman med røystene frå Voss kyrkjelyd. Den salmeboka som då får fleirtal skal innførast i begge kyrkjene. Sundag 25. september var det så røysting over temaet i Vangskyrkja. Røystetalet vart då slik: Nynorsk salmebok 346 røyster, Landstads gamle 148 røyster og Landstads reviderte 25 røyster. Dette førte til at *Nynorsk salme- bok* vart teken i bruk i Vangskyrkja



>>

<<

sundag 2. oktober 1927 (konfirmasjonssundag). (Legg elles merke til kor mange som var til stades under røystinga!)

Nynorsk liturgi vart elles teken i bruk i Vangskyrkja frå mars 1919.

I Hordaland-arkivet finn ein elles at Vinje sokneråd «talde til å innføra *Nynorsk salmebok* frå 1. januar 1928». Oppheim sokn hadde røysting over temaet 28. oktober 1927. Her vart røystetalet slik: 55 røyster for *Nynorsk salmebok*, 9 røyster for Landstads gamle og 1 røyst for Landstads reviderte. Også her vart *Nynorsk salmebok* teken i bruk frå 1. januar 1928.

I 1927 kosta salmeboka frå kr. 3,- til kr. 18,- hjå Voss Bokhandel, alt etter kor fint den var utstyrt.

Evanger

Kva så med Evanger? 1. desember 1929 vart *Nynorsk salmebok* brukt ved ei barnegudsteneste saman med nynorsk liturgi. Evanger sokneråd hadde møte 23. januar 1930, der det vart gjort framlegg om å ta i bruk den nye salmeboka frå og med olsok 1930. Innstillinga til soknemøtet gjekk ut på å ta salmeboka i bruk, mot 3 røyster. Det vart halde røysting 23. mars om å ta i bruk nynorsk liturgi, 25. mai om å ta i bruk *Nynorsk salmebok*.

Resultatet av røystinga vart ikkje omtala i «Hordaland», men i boka om Evanger kyrkje er det opplyst at røystetalet samla for Evanger, Bolstad, Lid og Nesheim vart 186 for *Nynorsk salmebok*, 109 for Landstads gamle og 3 for Landstads reviderte. Salmeboka vart teke i bruk frå og med olsok 1930.

Kvifor vart olsok valt? Olsokdagen 1930 vart ein merkedag på fleire vis. Over heile landet vart det då feira 900-års minnehøgtid for kristendommen i Noreg. I Evanger var kyrkja fullsett. Eit son kor hadde øvt inn eit særskilt olsok-program. Særleg dei yngre tykte det var høgtideleg med nynorsk liturgi og ny salmebok. Etter middag reiste prest, klokkar, organist, songkor og fleire andre til Bolstadøyri, der det vart halde kveldsgudsteneste med om lag same programmet.



Samkome med meining

I Harwassa vart det i april i år halde eit kurs for kvinner, det var eit samarbeid mellom Mekane Yesus-kyrkja og NMS. Kvinnene skulle læra å arbeida for fred i lokalsamfunnet, løysa konflikhtar og få til likestilling.



Deltakarar og kurshaldarar på kurset om fred, konfliktløysing og likestilling i Hawassa.

Tekst: Britt Hernes

Foto: Sifen Shiferaw

Det var 17 kvinner frå Webe Batu-synoden og frå Amaro-synoden som var med. Dei frå Amaro måtte reisa ein omveg på to dagar. Den korte vegen var blokkert av folk frå Webe Batu-samfunnet. Såleis kravde det stor innsats å samla to grupper som opplever både spenning og motsetjing. Trass i desse utfordringane kunne kvinnene frå begge synodane vera med og dela erfaringar med kvarandre. Det vart viktig for prosjektet.

Dr. Emebet Bekele opna med to provoserande spørsmål: «Kan kvinner vera talspersonar for fred? Er me likeverdige med menn?» Martha Qebatu, som vert kalla «dei sjuke si mor», delte si personlege historie. Ho såg attende på at faren hadde brent den fyrste kladdeboka hennar og gjeve forbod mot å gå på skulen. Han tenkte utdanning ville

gjera henne frekk og ulydig. Dei tolv systrene hennar fekk heller ikkje utdanning. Martha kan korkje lesa eller skriva, men gler seg over at borna hennar går på skule. Ho meiner at kulturen deira avspeglar at kvinner er mindre verd enn menn og at likestilling då er vanskeleg.

Det viktigaste målet med kurset, var å inspirera kvinner til å tru på seg sjølv og utvikla seg til å bli leiarar, for å få til fred mellom ulike etniske grupper i lokalsamfunnet. Fleire av deltakarane er alt blitt meklarar i familiekonflikhtar og religiøse usemjer. I ettertid har kurset også vore halde i Nekemte i Vest Etiopia og i to synodar i Asosa.

Me ynskjer og ber om at kvinner i Etiopia må verta sett på som likeverdige med menn.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt arbeid i Etiopia. Vippsnummer er 505877.



Illustrasjon:
Kirsten M. B. S. Finch

Kva skal eg gje i jolegåve i år?

Jola er høgtid for kos og hygge, men også forbruk. Det treng det ikkje alltid vera. Her er nokre tips til deg som ikkje ynskjer at jolefeiringa skal gå ut over natur eller klima. «Alle» har i utgangspunktet alt frå før, og nye leiker eller slips vil berre fylla opp eit allereie fullt hus. Kva med litt «grønare» jolegåver i år?

Tekst: Arne Mosefinn

Opplevingar for born og vaksne

Opplevingar kan vera ei reise, ein fjelltur eller fisketur, eit teaterbesøk. Å ta med born på teater, kan vera noko dei vil minnst lenge. Den Nasjonale Scene i Bergen har ofte teaterstykkje som høver for born. Det same har Vestlandsteateret eller Fyllingsdalen teater. Ein teatertur til Det norske Teateret i Oslo kan kombinerast med nokre dagar i Oslo, med hotellovernatting og vitjing av kjende stader. Også vaksne kan ha glede av slike opplevingar.

Hugs at billetter må tingast i god tid. Og at opplevinga kan koma seinare på året.

Ein tur med bestefar/mor ute i naturen eller på fjellet kan verta ei god oppleving. Ein treng ikkje gå så langt heller. Dessutan har Utferdslaget mange fine hytter som det høver å ta born med til. Torfinnsheim kan kombinerast med fiske i Torfinnsvatnet. Ein litt lengre tur kan vera til Volahytta eller Kaldevasshytta. På Vikafjellet er det også mange gode fiskevatn. Her må ein ha fiskekort som kan kjøpast på fjellet. Å gjera opp bål ute og laga mat over open eld, eller overnatta i telt er alltid populært.

Dette er opplevingar som mottakaren kan sjå fram til, fordi turar høver best på seinvinteren eller sommaren.

Spennande matopplevingar

For vaksne er kanskje spennande mat-

opplevingar kjekt. Her er mykje å ta av. Lokalprodusentar lagar mykje god mat som høver som gåver: spekemat, ostar, honning, ferskmat som vakuum-pakka rullepølse, sylteflesk, røykelaks og andre kjøtvarer. Dette er varer som gjerne kostar litt meir, men som ein vanlig familie ikkje kjøper til dagleg. Kremar og velvereprodukt frå Vossabia kan og vera aktuelt til både vaksne og born.

Reiser

Bilturar er ikkje særleg «grøne», men det finst andre måtar å reisa på. Eg tenkjer på togturar. Viss fleire reiser saman, kan ein på nokre togstrekningar få familikupear. Då kan ein reisa ganske langt utan at det vert for kjedeleg. Kva med ein tur til København eller Hamburg/Berlin? For litt eldre born, kan interrail vera eit alternativ. Her kjem ein seg rundt i heile Europa på ein billeg måte.

Støtt eit god formål

Vaksne treng ikkje alltid få fysiske gåver. Å støtta eit godt formål kan vera eit alternativ. Alle har vel sett Kirkens Nødhjelp si oppmoding om å gje ei geit. Men også andre hjelpeorganisasjonar har slike typar gåver. Nokre formidlar også husflidsprodukt som er laga i utviklingsland.

Oppsummering

For å oppnå eit berekraftig samfunn, treng vi ei endra åtferd. I ei tid der forbruket stadig aukar, kan det vera nyttig å stansa opp og spørja oss sjølv: Treng eg eigentleg éin ting til?

Lat oss bruka tida fram mot jol til å reflektera over forbruksvanane våre og finna måtar å vera miljøvennlege på utan å gje slepp på glede ved å gje gåver. Kva er ditt alternativ?



Illustrasjonsbilete: Pixabay



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong?
Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



FARGELEGG



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

Nokre glimt frå
T-dagar denne
hausten.



Voss

T₆



T₆

Voss



Voss

T₁₂



Granvin

T₁₀ T₁₁

Granvin

T₁₀ T₁₁



T₁₂ T₁₃



Vossestrand


Vossestrand

T₁₂ T₁₃



T₁₃

Voss





Til venstre muren mot E16 før utbetring. Over muren mot E16 etter at arbeidarane frå Stibbyggjaren har reparert den.

Reparasjon av gravplassmuren på Evanger

Tekst og foto: Svein Tøsse

Stibbyggjaren tok kontakt med oss for å tilby arbeidet med eventuelle reparasjonar av gravplassmurar og liknande gamle murar ein ofte finn ved kyrkjene. Sidan gravplassmuren på Evanger hadde skadar og setningar tok me ei synfaring. Stibbyggjaren AS leverte deretter tilbod på fleire ulike delar av muren. Det vart søkte om midlar frå Gjøsteins fond, og søknaden vart innvilga.

Stibbyggjaren er ei verksemd som har spesialisert seg på gråsteinsmuring og arbeid knytt til gamle vegar og stiar. Til dette arbeidet nyttar dei Sherpaer frå Nepal. Prosjektansvarleg for arbeidet var Vegard Vetti.

Arbeidet gjekk raskt – det vart utført på eit par veker i september – og resultatet var over alle forventningar. Neste år vil dei etter planen kome attende og rette opp den delen av muren som ligg nærmast E16, mot Voss. Då trengs trafikkdirigering forbi arbeidsstaden, av di muren først må plukkast ned før gjenoppbygging.



Arbeidarane takka for at dei fekk inn i kyrkja å sjå. Her beundrar dei altartavla. Foto: Anny Forthun

Minneord

Ingmar Mykkeltveit 1944-2025


Det er en ære for en tidligere gardsgutt å få skrive et minneord om fjellbonden og graveren Ingmar som sovnet inn på Granvin sjukeheim 22. oktober. Ingmar ble født 12. april 1944 og bodde hele livet på fjellgården Mykkeltveit som han trofast drev helt til helsa ikke lenger taklet det tunge arbeidet på Mykkeltveit med de lange og bratte bakkene opp til gården. De siste 10 årene bodde han nede på Evanger i trygdeleilighet på Harabåsen.

Ingmar levde et liv som var veldig annerledes enn det moderne samfunnet rundt han. Mange så nok på Ingmar som en litt «original einstøing» som levde sitt eget liv der oppe på Mykkeltveit der tiden på mange måter stod stille. Her var det ingen tegn til noe som kunne ligne nåtidens gårdsbruk. Blakken ble aldri byttet ut mot noen traktor og det var hesten som ofte dro den tunge lasten de 300 meter med høydeforskjell fra bygda og opp til gården.

Ingmar var i mange år den som gravde på kirkegårdene på Evanger og Bolstad og heller ikke her ble det brukt noen moderne hjelpemidler. Det var nok aldri aktuelt for Ingmar å skulle lære bruken av gravemaskin på kirkegården. Han satte nok sin ære i å bruke hakke og spade for å grave 1,60 meter for en

vanlig grav og 2 meter hvis det skulle gjøres plass til en ny kiste. På grunn av all sand og rullesteiner fra tiden da havet gikk høyere, måtte gravene ofte stemples for å ikke rase ut fra kantene. Da ble det brukt to lange og to korte bordbjelker som ble presset inn mot gravsidene så det ikke skulle løsne masser fra sidene. På vinterstid var det tre dagers arbeid for å få gjort jobben på kirkegården. Første dagen gikk vi ned og måket vekk snøen, strødde på grovsalt og la på glavamatte for å tine telen. Den andre dagen kunne vi starte gravinga med hakke og spade og så ble bjelkene langs gravkanten og senkeapparatet plassert. Etter jordfestelsen, senket vi kista helt ned og da var det å håpe at det ikke hadde rast noe ut i mellomtiden. Da vi var ferdige med å grave igjen, kunne vi gå til kjøkkeninngangen på bedehuset og få oss noen smørbrød og dravle fra minnesamværet. Jeg spurte aldri Ingmar hvor mye han fikk betalt for en grav, men jeg vil tro at timelønna var ganske nøkternt for alt det tunge arbeidet.

Jeg hørte lite klaging fra Ingmar. Han var heller den som var klar for å hjelpe andre om det var hesjing på Styve gard eller frakt av «turister» (som Ingmar kalte dem) som skulle opp til hyttene sine under Vetten.



Ingmar Mykkeltveit sommaren 2025.
Foto: Øivind Kjærland Svendsen

Ingmar forble nok «den skjulte skatten» på Mykkeltveit som ikke mange oppdaget. Ingmar var så mye mer enn «sliteren på en gammeldags fjellgård». Han var åpen og fordomsfri og tok imot alle som orket å gå den tunge veien opp til gården. Han trivdes sammen med folk og jeg oppdaget hvor dyp han var. Han var filosofisk og skrev poetisk om livet på Mykkeltveit. Ingmar hadde et dypt forhold til Jesus som var styrken i hans liv i mørke og ensomme dager av livet. Jeg tror Ingmars ønske var å gi oss «stafett-pinnen» om en Gud som er en god Far som også vil bære oss og gi oss styrke på vår videre livsvandring.

Øivind Kjærland Svendsen
- gardsgutt

Endring i fakturering av festeavgift



Gravplass i Voss

Voss kyrkjelege fellesråd går no over til årleg fakturering av festeavgift for gravplassar. Tidlegare vart festeavgifta rekna for fem år om gongen, men heretter vil festarane få tilbod om å fornye festet for eitt år om gongen.

Denne endringa vil gjere det enklare for oss å halde opplysningar om festarane oppdaterte, og sikrar betre kontakt dersom det skjer endringar i adresse eller

ansvar. Det vil og gjere det meir fleksibelt for festar.

Dei som allereie har betalt festeavgift for fem år, vil ikkje få ny faktura før den inneverande perioden dei har betalt går ut.

Festeavgifta for 2026 er ikkje fastsett endå, men forslag til festeavgift er sendt til handsaming hjå Voss heradsstyre.

Kyrkjeverja

Konfirmantar 2025



VANGSKYRKJA

3. mai 2025

Adrian Almeland Opheim
Aksel Hestvik Furnes
Alexander Mossefin Dalseid
Anita Seltveit Krogstad
Annie Isabella Potter
Askil Halrynjo Bere
Christoffer Eckhoff Vaksdal
Ella Songve Flattun
Emil Kolskår Lindstad
Emma Byrkje Kollenes
Hedda Morland Amundsen
Håvard Herheim Knapstad
June Abril Herfindal Kvalnes
Marcus Adrian De Wolfe
Maria Melheim
Marius Jordalen
Nicolai Risberg Njaastaf
Oda Kyte Hommedal
Oda Rong Hosås
Silje Kyte Hommedal
Simen Heggland Fardal
Tuva Bohnhorst Næss
Vebjørn Nordheim Folkestad
Vegard Arntsen Frønsdal
Vinjar Flisram Tveiten

4. mai 2024

Agnes Kristina Mæland
Aksel Fauskanger Fenne
Alve Skeie-Søreide
Caroline Dalland Istad
Eirik Hundhammer Lilletvedt
Elise Moe Bjørke
Givde Dæmring-Styve Suhr
Håkon Jordalen
Håkon Nese Skjoldli
Ingeborg Rong Bergsvåg
Ingrid Helgaset
Iver Emblem
Johannes Halrynjo Knapstad
Kari Gullbrå Hosås
Karoline Nesheim Rogde
Linnea Rio Juliussen
Lisa Tvilde Husavenes
Lukas Fritzer-Nikolaisen
Marion Skjeldal
Sanna Bosåen Hirth
Sanna Carlisle
Sarah Madelen Horvei Andersen

Sivert Aldal
Solveig Aunan Atterås
Sondre Haugland Hirth
Steffan Kolve
Synne Sævig Eriksen
Thea Kristin Gullbrå
Tora Lirhus Ree
Vegard Helgaset

10. mai 2024

Amalie Ringheim Ohnstad
Anders Undeland Bauthus
Aron Turner
Caroline Svennes Ringheim
Charlie Andre Barmen
Edward Thomas Vetthe Harbun
Emil Tveite Haug
Eva Procopé Lydvo
Frida Vaksdal Låstad
Hallgeir Mala
Helena Hjetland
Håvard Stalheim Hildestveit
Ingeborg Møn Mjelde
Iris Johanne Ringheim Eliassen
Jacob Andreas Jersin
Jacob Fischer
Jakob Arnfinn Rekve Ødegård
Kristense Svardal Lindland
Lars Krogsæter Fjose
Lea Brunborg Flatby
Levi Østerdal Holandsjø
Lina Herre Nedkvitne
Louise Westgaard
Magnus Graue
Mari Hansen
Noah Roeper Kolve
Oda Steffensen Olsnes
Odd Maxmillian Gjeseth
Oscar Støyva Helland
Samuel Rene Slettemark
Sanna Lilletvedt Lidsheim
Sindre Vestli Børnheim
Sjur Noreng Giljarhus
Sjur Rekve Rasmussen
Snorre Bryn
Sondre Andresen
Tiril Lidsheim Hindenes
Tobias Berge
Vemund Soldal Hjortland
Vilde Hernes Nestås

11. mai 2024

Aleksander Johan Vedå Skorve
Alexander Aabrekk Haga
Anders Tøn Frøystein
Anve Osa Haugo
Carmen Rosita Engelsen
Eirin Hirth Steine
Eirin Tillung
Gard Horvei
Hermann Eiriksson Jordalen
Leah Fykse Hovland
Leon Andersen Hagen
Lisa Marie Kvarme Græe
Sander Fossåskaret Nordpoll
Sofie Eikevik
Tevje Rokne Lid
Thea Lid Fjellby

GRANVIN KYRKJE

11. mai 2025

Hedda Hatlen Stene
Linnea Vatnøy Bolstad
Mina Holven Matre
Noah Beggevik Møster

EVANGER KYRKJE

29. mai 2025

Amalie Farestveit
Elise Anne Kristina Hansson-Eide
Ingvild Gullbrå Brekkhus
Mirela Steine Basara
Morten Nordbø Gjetle

OPPHEIM KYRKJE

31. mai 2025

Aksel Helle Anthun
Alexander Blancada Saue
Anders Sleen Hirth
Guro Blikberg Gjerald
Henrik Midttun
Hjordis Moberg Jordalen
Ingeborg Lirhus
Marie Jordalen
Matias Nordanger
Sander Anthun Sleen
Sondre Giljarhus Jordalen
Åsmund Sundve Måren



VANGSKYRKJA
3. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
3. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
4. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS

VANGSKYRKJA
4. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
10. mai kl. 10.00

Foto: KYRKJA I VOSS



VANGSKYRKJA
10. mai kl. 12.00

Foto: KYRKJA I VOSS





VANGSKYRKJA
11. mai kl. 11.00

Foto: KYRKJA I VOSS



GRANVIN KYRKJE 11. mai *Foto: INGVILD BAARTVEDT*



OPPHEIM KYRKJE 31. mai

Foto: FOTOGRAF SENDERUD AS



EVANGER KYRKJE 29. mai *Foto: KYRKJA I VOSS*



Din røyreggjar i sentrum Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 Padiekurs på Elv og Hav - Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995	KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35
O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	norli Norli Vossevangen Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyingar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	 Voss Energi -rein vossakraft!	 UINJO
Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 Hjelp barn i hjem med rus 90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever! Gjør barnas hverdag litt lysere. Gi din gave på Vipps 936679  	

Svar på jolekonkurransen

Kor mange lilla og gullfarga jolekuler fann du i bladet? Rett svar er 12 kuler.



Med ynskje om ei fredeleg jol, fylt med glede og kjærleik.

J

sylvsmidja

sylvsmidja.no

Vil du bli fast givar til Voss sokn?

No er det enklare enn nokon gong å bli fast givar til Voss sokn via Vipps, og like enkelt å avslutte givartenesta. Det tek deg under to minutt, og gjer det enklare og meir føreseieleg for oss i Voss sokneråd å drive arbeidet med barn, ungdommar, musikk og gudstenester, eldre, og alt det andre som kyrkja jobbar med. Det er berre å skanne QR-koden, så er du i gang!



T

- dagar framover

Voss og Raundalen

T10 Kristuskransen, 03.02.26
i Vangskyrkja.

T8 Tårnagent, 13.03.26
i Vangskyrkja.

Oppheim og Vinje

T10 Kristuskransen, 10.02.26.

Granvin

T10 Kristuskransen, 11.02.26.

Evanger og Bolstad

T3/4/5 «Undretur/Utdeling av
barnebibel/Jolekrybbe-
verkstad» 30.11.25 kl. 17.00
i Bolstad bedehus.

NB! Endringar kan koma!

T1
T2
T3
T4
T5
T6
T7
T8
T9
T10
T11
T12
T13



Granvin kyrkje er nymåla.

Foto: Jan Ivar Rødland

Jolegåve til Kyrkjenytt?

Vil du vera med å støtta utgjevinga
av Kyrkjenytt med ei «jolegåve»?

Alle økonomisk gåver, uansett
storleik, vil vera med på å gjera
oss i stand til å halda fram med
utgjeving av Kyrkjenytt i papirform.
Både giroen nedanfor og
Vippsnummer **568391** kan nyttast.

Hjarteleg takk til deg som vil
støtta utgjevinga av Kyrkjenytt!

**VIPPSNUMMER TIL
KYRKJENYTT FOR
VOSSABYGDENE: 568391**

300-årsjubileum for Granvin kyrkje



I 2026 fyller Granvin Kyrkje 300 år.

Soknerådet i Granvin er i gang med å
planleggja jubileumsfeiring. Den er
fastsett til laurdag 13. og søndag
14. juni 2026. Biskopen i Bjørgvin,
Ragnhild Jepsen, har takka ja til å
koma til Granvin og delta i jubileet.

Søndagen skal det vera høgmesse
i kyrkja og markering av jubileet.
Soknerådet ynskjer i tillegg å få til ein

konser/kulturarrangement i kyrkja
på laurdagen med lokale utøvarar.
Her er planlegginga i gang.
Granvin kyrkje er viktig for mange
gravensarar, og ein betydeleg kultur-
institusjon i bygda. Kyrkja vart bygd
i 1726, og er det nest eldste kyrkje-
bygget i Voss herad.

Granvin sokneråd

Betalingsinformasjon

Faktura 9081
Gåve til Kyrkjenytt

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Mottakarar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrkjelege fellesråd
Postboks 49
5701 Voss

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

20039090814

< > 3480 16 45293

<6061156853>

OPPSLAGS

Treng du nokon å snakke med? Me vil gjerne vere her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:
Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Anja K. Slåtten. Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Heimebesøk

Er det vanskeleg for deg å koma til oss, kjem me heim til deg.



Kontakt diakon Sigrid D. Mala, tlf 478 49 134, diakonimedarbeidar Anja K. Slåtten, tlf 417 04 958, eller ein annan av våre tilsette.

Eldretreff i Evanger bedehus

desse torsdagane kl. 11.00:
27. november

Datoar for våren er ikkje fastsett enno.

På eldretreffet vert det underhaldning, god mat og alltid gode kaker til kaffien.



kl. 11.00 desse onsdagane:

- 10. desember
- 14. januar
- 11. februar
- 11. mars

Enkel lunsj. **Vel møtt!**

Føremiddagstreff i Raundalskyrkja (kyrkjestova)



Me øver i Vangskyrkja tysdagar

kl. 17.30 -18.30 for born frå 4 år

kl. 16.45 -17.30 for alderen 10-13 år.

Alle songglade born er velkomne!

Kontaktperson: Åshild Bøe Kharazmi,
e-post: ak649@kyrkja.no

REFLEKS TEN SING

øver i Vonheim

torsdagar kl. 18.00-20.30.



Ungdom frå 13 til 20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Ingrid Tønnesen. Tlf 480 31 200.



VOK

(Voss kantori)

øver i Vangskyrkja

tysdagar kl. 18.30-20.00.

Songglade vaksne i alle aldrar er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.
E-post: gm282@kyrkja.no.



Voss Kyrkjeakademi

i Vonheim kl. 19.00-21.00

04.02. Kva er det som skaper mogelegheiter i liva våre?

Irene Kinunda Afriyie fortel om Kongo og Afrika, integrering, nordmenn og Noreg, som ho er blitt så glad i.

11.03. STILLFERD - meditasjonskonsert Annabel Guaita, pianist og lyttelos, tek oss med i musikkens indre landskap, skjerper evna vår til å lytte.

Kontaktperson: Kari Bye. Tlf 975 62 212.



Sundagsskolen

Voss søndagsskule

30.11. kl. 11.00 i Vonheim

11.01. kl. 11.00 i Vangskyrkja

25.01. kl. 11.00 i Vangskyrkja

Kontaktperson: Turid Fjose. Tlf 414 18 326.

Bolstadøyri søndagsskule

Datoar vert kunngjort lokalt.

Kontaktperson: Anny Karin Forthun. Tlf 481 36 520.



TWEENSKLUBB

for 5.-8. klassingar

kl. 11.00 desse søndagane:

30.11. i Vonheim

11.01. i Vangskyrkja

25.01. i Vangskyrkja

08.02. i Vonheim

08.03. i Vonheim

Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf 947 93 477



Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

2/12



Meir informasjon på Facebook-gruppa
«Supertysdag på Voss - foreldregruppe»

Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf 947 93 477.

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

05.12. | 09.01. | 06.02. | 06.03.

Kontaktpersonar:

Anja Slåtten 417 04 958 / Gro Samland 479 07 900

MOSLETT ARRANGEMENT

Seniortreff

i Vonheim tysdagar

kl. 12.00-14.30



09.12. Adventstund v/Bengt Arvidsson

06.01. Aktivitet og mosjon v/Sigfrid Nåsen

10.02. Gamle Vangen v/Gunnar Hemre

Pris kr 150,-. Skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134.

Bibel & Misjon



i Kyrkjetunet onsdagar kl. 19.00-21.00

03.12. Arven etter Hans Nielsen Hauge

21.01. Genesis/1. Mosebok (del 4)

25.02. Genesis/1. Mosebok (del 5)

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen. Tlf 906 18 125.

Sorggruppe

i Kyrkjetunet måndagar

kl. 18.00-20.00:

• 15. desember • 9. februar

• 19. januar • 2. mars

Kontaktpersonar:

Sigrid Djukastein Mala. Tlf 478 49 134.

Anja Kristin Slåtten. Tlf 417 04 958.



Ope Kyrkjetun

kvar torsdag kl. 14.00-16.00.

Sosialt fellesskap - enkel servering.

04.12. kl. 14.00-14.30 vert det

«Musikkstund i Vangskyrkja»

Gohar Maranyan og Åshild Bøe.





Ein god medspelar

Telefon 56 52 35 00
www.vekselbanken.no



Me ynskjer alle ei god og fredeleg jolehelg!

Alt innan sport og fritid



1912

**S. ENDEVE
SPORT**

Butikkar i Vangsgata 47, Vangsgata 40 og Uttrågata 21.
Tlf. 56 51 11 19
endeve@endeve.no - www.endeve.no



Telefon: 56 52 09 00
Epost: post@jordalen.no

Me ynskjer
alle ei god jol
og eit godt
nyttår!

**VOSS
SPAREBANK**

www.vossabanken.no

TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.
22 40 00 40 • soschat.no

KIRKENS SOS

Din lokale el-installatør

elfag

Mølster Installasjon AS

www.molster.no Tlf: 56 52 96 00

Konsertar og arrangement

I KYRKJENE FØR JOL

VANGSKYRKJA

Sundag 30.11. kl. 15.00

Adventskonsert med MiniMidiSing og VOK

Måndag 01.12. kl. 18.00

Jolekonsert med Supergruppo

Tysdag 02.12. kl. 18.00

Konsert «Den fagreste rosua» med Voss kulturskule

Torsdag 04.12. kl. 14.00

Musikkstund med Gohar Marandyan og Åshild Bøe

Torsdag 04.12. kl. 19.00

Lysmesse

Laurdag 06.12. kl. 17.00

**Julekonsert med Einar Bolstad,
Kari Malmanger og Gunn Kvaale**

Måndag 08.12. kl. 19.30

«Helgasong» med Berit Opheim

Onsdag 10.12. kl. 18.00

Julekonsert med Voss Skulemusikk

Fredag 12.12. kl. 19.00

Rune Larsen: «Nystemt til jul»

Laurdag 13.12. kl. 18.00

Førjolsjazz – Voss Storband

Sundag 14.12. kl. 17.00

Vi syng jola inn

Torsdag 18.12. kl. 18.00

Gjermund Larsen Trio: Christmas Sessions

EVANGER KYRKJE

Sundag 21.12. kl. 16.00

Jolekonsert med Evanger Musikklag og gjester

GRANVIN KYRKJE

Sundag 07.12. kl. 18.00

Ljosmesse

RAUNDALSKYRKJA

Fredag 12.12. kl. 18.00

Jolekonsert med Åshild Bøe, Gohar Marandyan m.fl.

VINJE KYRKJE

Sundag 30.11. kl. 19.30

Ljosmesse

Sundag 07.12. kl. 16.00

Me syng jola inn

Sundag 21.12. kl. 19.00

Jolekonsert med Bygdaklang og Strendingen

Velkommen til jolefeiring 24. desember

Me startar kl. 17 og avsluttar ca kl 20.

Middagen kostar kr. 100,-

Oppmøte:

Frelsesarmeen Voss, Lekvemoen 11

Ynskjer du å melda deg på som deltakar
eller frivillig sender du ein e-post til:

post@voss.frivilligsentral.no,

eller ring til 971 77 985

(Voss Frivilligsentral) innan 18.12.

Jolefeiringa er eit samarbeid mellom
Frelsesarmeen Voss, Røde Kors Voss,
Kirkens Bymisjon Voss, Kyrkja på Voss
og Voss Frivilligsentral.



Me syng jola inn

I VINJE KYRKJE

**Sundag 7. desember kl.16.00, ynskjer me
alle hjarteleg velkomne til tradisjonsrik
førjolskonsert i Vinje kyrkje.**

Lokale musikarar bidreg med å setje den rette
jolestemminga. Det vert ein variert konsert, med
mykje av det Vossestrand har å by på musikalsk.

Varmt velkomne!

Kyrkjelege handlingar



DØYPTE

Voss sokn:

07.09.2025	Mie Sofie Lid Hegbom Signe Thorseth Klette Sunniva Rode Fatland
21.09.2025	Edvin Larsen Øydvin Frida Dale-Abrahamsen Sigrid Dale-Abrahamsen
04.10.2025	William Danbom-Tryti
05.10.2025	Mariell Hjelle Nestås Olav Haugo Fletre Oline Sjurseth Bidne Nora Helleve Sandvik Jesper Vinje Haglund Ida Fosse Finne
12.10.2025	Thelma Slettemark Rognseth Embla Opheim Kvarmestøl Emrik Helgestad Hans Skjærven

Voss sokn:

29.10.2025	Victor Skjønberg Løno Oscar Skjønberg Løno
------------	---

Vinje sokn:

28.09.2025	Signe Skjervheim Håkon Hop Klette
------------	--------------------------------------

Raundalen sokn:

21.09.2025	Leah Kvam Lemme
26.10.2025	Nils Grønlien Eikefjord

Oppheim sokn:

07.09.2025	Mina Egdetveit Jordalen Agnes Lunde Gjerald
26.10.2025	Tuva Almeland Horvei

VIGDE

Voss sokn:

06.09.25	Karianne Giljarhus Nondal og Kjartan Tøn Christina Iversen og Kristian Sætrevik
13.09.25	Hege Sunde og Ole-Krister Ullestad

Oppheim sokn:

30.08.25	Stine Hommedal og Helge Byrkjeland Tjelmeland
----------	---

Raundalen sokn:

11.10.25	Kjellfrid Skutlaberg og Geir Tyssedal
----------	---------------------------------------

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

17.08.25	Oddvar Drevsjø	1967
23.08.25	Endre Olsen	1945
29.08.25	Svein Rivenes	1940
04.09.25	Johanne Christensen	1952
06.09.25	Dagny Petterson	1938
08.09.25	Ivar Grjotland	1941
08.09.25	Reidun Johanne Slettemark	1945
15.09.25	Eli Bendiksen	1943
19.09.25	Anna Skjærven	1935
23.09.25	Inger Olea Hansen	1932
24.09.25	Åshild Olene Steine Tveitarås	1959
26.09.25	Lars Velken	1961

Voss sokn:

03.10.25	Lars Gunnar Lie	1947
03.10.25	Arne Birger Mathisen	1941
05.10.25	Gerda Rene	1931
16.10.25	Magnar Gjernes	1943
16.10.25	Kari Mykkeltveit	1961
17.10.25	Helga Lydvo	1944

Granvin sokn:

17.08.25	Judith Julie Møster	1931
----------	---------------------	------

Vinje sokn:

22.09.25	Siw Margrethe Bidne	1967
----------	---------------------	------

DÅPSKJOLAR TIL GRATIS UTLÅN

Kyrjekontoret for Voss har tre fine dåpskjolar til utlån ved dåpsseremoniar i kyrkja. Kontakt kyrjekontoret ved ynskje om lån. Vinje og Oppheim sokneråd har også dåpskjolar til utlån. Kontakt sokneråd eller prest for å avtala lån av desse.

Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

- 30.11. kl. 11.00 T3/4/5-gudsteneste v/Kvamsøe og Sævareid.
24.12. kl. 14.00 Jolegudsteneste v/Hellesøy.
25.01. kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.
08.03. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.

Evanger kyrkje:

- 24.12. kl. 16.00 Jolegudsteneste v/Hellesøy.
04.01. kl. 11.00 Joletreffest-gudsteneste v/Kvamsøe.
15.02. kl. 17.00 Gudsteneste med nattverd v/Kvamsøe.

Oppheim kyrkje:

- 14.12. kl. 11.00 **Jordalen kapell:** Gudsteneste med nattverd v/Skutlaberg.
24.12. kl. 12.00 **Vossestrand omsorgstun:** Høgtids-gudsteneste v/Skeie.
24.12. kl. 13.30 Høgtidsgudsteneste v/Skeie.
04.01. kl. 11.00 Joletreffestgudsteneste med dåp v/Sandvik.
11.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.
01.03. kl. 11.00 Folkemusikkmesse v/Sandvik.

Vinje kyrkje:

- 30.11. kl. 19.30 Ljosmesse v/Skeie.
07.12. kl. 16.00 Me syng jola inn v/Skeie.
24.12. kl. 15.00 Høgtidsgudsteneste v/Skeie.
15.02. kl. 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.

Raundalskyrkja:

- 25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Skutlaberg.
04.01. kl. 16.00 Heilage tre kongars-gudsteneste med jolettregang v/Sandvik.
22.02. kl. 10.00 **Mjølfjell kapell:** Gudsteneste.
08.03. kl. 11.00 Gudsteneste.

Vangskyrkja:

- 30.11. kl. 11.00 **Vonheim:** Gudsteneste med nattverd v/ Küspert. Barneopplegg og tweensklubb.
04.12. kl. 19.00 Lysmesse v/ Küspert, Leksbø og Skjeldal.
07.12. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.

Vangskyrkja:

- 14.12. kl. 17.00 Vi syng jola inn.
21.12. kl. 11.00 Skriftemålgudsteneste v/Hellesøy.
24.12. kl. 14.00 Jolaftangudsteneste med barnekoret v/Küspert og Leksbø.
24.12. kl. 15.00 Jolaftangudsteneste v/Küspert og Leksbø.
24.12. kl. 16.00 Jolaftangudsteneste v/Küspert og Leksbø.
25.12. kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Hellesøy.
28.12. kl. 16.00 **Vonheim:** Romjulsgudstjeneste for heile familien med juletreffest v/Küspert.
31.12. kl. 23.00 Midnattsmesse med nattverd.
04.01. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
11.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp, barneopplegg og tweensklubb.
18.01. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.
25.01. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd, barneopplegg og tweensklubb.
01.02. kl. 11.00 Gudstenestemed dåp.
06.02. kl. 19.00 Samisk gudsteneste samefolkets dag med nattverd.
08.02. kl. 11.00 **Vonheim:** Karnevalsgudsteneste - T4 med tweensklubb.
15.02. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd.
18.02. kl. 19.00 Skriftemålgudsteneste.
22.02. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.
01.03. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp.

Granvin kyrkje:

- 07.12. kl. 18.00 Ljosmesse v/Ulvik. Konfirmantane deltek.
24.12. kl. 15.30 Jolaftangudsteneste v/Ulvik.
25.12. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Høgtidsgudsteneste med nattverd v/Ulvik.
18.01. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.
01.02. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.
01.03. kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Ulvik.
08.03. kl. 14.00 **Mælandshagen:** Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!

Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no.

Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no.

Jolesalme

«Nynorsk salmebok» nr. 87

1. Fred på jordi ! er det ord
Engleskaren kved i kor,
Fred på jordi alle stader,
Fred i vest der soli glader,
;,: Fred i aust der soli renn! ;,:

2. Fred i landet, fred og trygd,
Fred i by og fred i bygd,
Freden lyse Herrens Ande
Inn i kvar den heim i landet,
;,: Fred frå Herren, Herrens fred ! ;,:

3. Fred i hjarta, Herrens fred,
Fylle alle barmar med !
Fred åt alle trykte, hædde,
Sjuke, hjelpelause, redde,
;,: Fred i hjarta, Herrens fred ! ;,:

4. Jesus er vår hjartefred,
Barnet som hev kome ned
Til vår myrke heim i joli
Varm og signande som soli,
;,: Jesus er vår hjartefred. ;,:

5. Syng me då med fagnad stor
Jolekvad med engleord
Blinkande som stjernor bjarte :
Fred på jordi, fred i hjarte,
;,: Evigt lova vere Gud ! ;,:

Tekst: Anders Hovden

*Tone: «Alt stend i Guds faderhand»
eller «Fager er den himmel blå»*

